

Til

Olje- og energidepartementet

Anke på NVE vedtak datert 14.04.2015 vedrørende avslag på konsesjonssøknad for Grytavatnet kraftverk i Ørskog kommune.

Referanser:

Tiltakshaver	Grytavatnet kraftutbygging SUS
Vår dato	02.05.2015
Referanse	201200950-35
Deres dato	13.04.2015
Notatnummer	KSK-notat 44/2015
Ansvarlig	Øystein Grundt
Saksbehandler	Kirsten Marthinsen

Ein syner til NVEs oppsummering vist nedanfor henta frå KSK notat 44/2015.

Notatet tek grundig føre seg konsesjonsprosessen, høyringsutalane og dei tekniske planane ved å bygge Grytavatnet kraftverk.

Tungtvegande tema i NVEs oppsummering, og avgjerande for avslaget, synes å være landskap, friluftsliv og naturtypar.

Sitat NVE; Oppsummering

NVE mener at de største ulempene forbundet med Grytavatnet kraftverk er negative konsekvenser for landskap, friluftsliv og naturtyper. Vi legger vekt på terrengpåvirkning som følge av tekniske inngrep i øvre del, hvor det å få rørgata ut fra bekkedalen vil medføre betydelige inngrep. Vi legger også vekt på at rørgata vil medføre drenering av store myrområder, og at intakte myrer i lavlandet er en naturtype i tilbakegang. Inngrepene vil være godt synlige fra friluftsområder som er viktige både lokalt og regionalt. Området ved Grytalisetra er mye brukt av folk i Ålesundsregionen og NVE mener inngrepene vil ha betydelige konsekvenser for både landskap og friluftsliv. I tillegg legger NVE vekt på den samlede belastningen ved tre kraftverk i samme vassdrag. NVE mener at ulempene i liten grad kan avbøtes.

Søklar tillet seg å vise til ein del moment i saksutgreiinga som vi meiner kjem uklart eller feil fram, og moment som vi med vår lokalkunnskap synes er vekta feil som grunnlag for avslag på konsesjon.

I: Landskap

1. Det vert vist til stor slukeevne og lite restvassføring over ei utbyggingsstrekning på 3500 m.

Sitat **NVE**:

** Med en maksimal slukeevne tilsvarende 250 % av middelvannføringen og foreslått minstevannføring på 50 l/s i sommersesongen, vil dette gi en restvannføring på ca. 1285 l/s rett oppstrøms kraftstasjonen som et gjennomsnitt over året. Det meste av dette vil komme i flomperioder. (s. 12)*

** NVE mener at den omsøkte maksimale slukeevnen er svært høy og vil frata vassdraget størsteparten av dets naturlige vannføringsdynamikk. (s.12)*

Dette siste sitatet gir eit feil bilde av hydrologien i vassdraget etter ei eventuell utbygging.

Det meste kjem rett nok i flaum, men viktigaste flaumperioden er snøsmeltinga som varer frå april til juli, og gir vassdraget ei vassføring betydeleg over middelvassføringa.

I tillegg er det brear i Isbotnen, Trollbotnen og Trongbotnen i høg fjella som gir vassføring i varmare periodar.

Vaksvikelva er også rekna for å vere ei flomelv som reagerer spontant på nedbør, og Store deler av nedbørsfeltet er myr og torvmyr med stor evne til å holde på vann. Frå desse vert det ein del avrenning i nedbørsfattige periodar.

Det er også underestimert at det er bra jamn tilkomst av restvatn på ca 115 l/s middelvassføring frå Grytagrova ca 330 m nedanfor inntaket, og at det vert tilført restvatn frå Fremsteelva og Midtelva, samt restvatn frå nedslagsfelt på sørsida av dalen. Totalt utgjør dette ei middelavrenning på 1285 l/s frå eit restfelt på heile 20,4 km² som går til elva mellom inntak og kraftstasjon.

Redusert vassføring er såleis vekta for tungt i NVEs vurdering når dei også skriv:

Sitat **NVE**:

** Grytavatnet kraftverk har relativt stort restfelt, og har slik sett mindre konsekvens for fisk og bunndyr. Elva har ingen fosser på den aktuelle strekningen, og konsekvensen for fossefallens hekkeplasser vil være ubetydelig. (s.16)*


2. Det vert vist til at anleggsinngrep ved prosjektområdet vil være godt synleg.

Sitat NVE:

«Området ved Grytalisetra brukes aktivt sommer og vinter. Det er flere hytter i området, og det er det mest brukte utgangspunktet for toppturer til Lauparen (1434 moh.). Turen til Lauparen er populær, og går av folk fra hele regionen i tillegg til tilreisende. Prosjektområdet vil være godt synlig, både fra turens startpunkt ved Grytalisetra på grunn av det store inngrepet i løsmasseskråning, og fra høyereliggende områder hvor man får utsikt mot prosjektområdet.»

Frå parkeringsplassen ved Grytalisetra er prosjektområdet ved inntaket og rørtrase gjennom lausmasseskråninga, **ikkje synleg**.

Dette er vist på figur 1 under.



Figur 1 Inntaksområdet og synlegheit frå parkering ved Grytalisetra og turstien.


Sjøelve inntaket med dam er omkransa av høge elvebardar og lauvskog. Innsyn til området er forsøkt visualisert på kartutsnitt under, figur 2.

Turstien til fjellområda og Grytavatnet, ligg dels på ei myrslette, dels i eit terrengsøkk ca. 10-20 høgdemeter over elvaløpet, og ca. 300 m rettlineavstand frå inntaksområdet.

Dette gjer at dei som ferdast her – ikkje har noko innsyn til anlegget i inntaksområdet. I tillegg vert anlegget dekt av relativt mykje høgt kratt og skog som veks på skråningskanten, og nede i elvedalen. Skal ein sjå anlegget, må ein såleis aktivt oppsøke dette.

Inngrepet i skråninga vil bli tilbakeført med lausmassen til om lag same formasjon som opphavleg. Dette ved ivaretaking av toppmasse og vegetasjon, og gro til - og vil etter få år vere minimalt synleg. Det same vil gjelde for vidareføringa av rørtrase. Prosjektområdet vil rett nok være litt synleg frå nokre få høgareliggende områder, men då som ein større "kulp" i elva og mindre foss i overløpet, og då mest frå nærmaste høgde på Skurdfjellet.

Inntaksområdet er ikkje synleg frå Lauparen, dit dei aller fleste går topptur. Det er heller ikkje synleg frå Grytavatnet, som er nytta til mindre dagsturar. Vinterstid (november-april) er alt dekt av relativt store snømengder.



Figur 2 Inntaksområdet og synlegheit og avstand frå høgareliggande områder.

3. Det vert vist til terrengpåverknad som følgje av tekniske inngrep ved utløp frå inntak.

Søklar er merksam på at inngrepet i lausmasseskråninga vil vere merkbar i anleggsperioden, men ut frå prosjektplanen skal massen ved utgravinga for rørgata tilbakeførast. Dette ved tilbakefylling av grunnmasse og det toppdekket med jord og vegetasjon som vert ivareteke ved utgravinga. Rørgata vil såleis gå med minimalt fall til ein har passert elveskråninga.

Tilbakeføring av toppdekke og vegetasjon vil gjere at natur- og miljøpåverknaden vert mest merkbar i anleggstida – og nokre få år i etterkant. Skoggrensa er stadig stigande i høgda, og det er gode vokstervilkår i regionen.

Sitat **NVE**;

* Selve elva er lite dominerende, der den renner skjult av lauvskog i smal elvedal. (s.14)

* Inntaksdammen er planlagt i et søkk. Selve dammen vil ligge nokså skjult i terrenget. (s. 14)

* I vurderinga legger vi liten vekt på INON relatert reiseliv. (s. 14)

* Konsekvensene for (rideturer, jakt på hjort, rådyr, rype – og beiting, vil være begrensede, og hovedsaklig gjelde i anleggsperioden. (s. 15)

Sjølve inngrepet i lausmasseskråning og innsyn til dette området, meiner vi er vekta for tungt i NVEs grunngeving for å avslå konsesjon.

II: Naturmangfald.

1. Sitat **NVE**: «I tiltaksområdet er det registrert en naturtype etter DN-håndbok 13. Det er en rikmyr, utformet som middelsrik fastmattemyr».

Søklar endra røytraseen under høyringsprosessen, og unngjekk dermed det meste av rikmyra. Berre ein mindre del av rikmyra vert kryssa like ved kraftstasjonen.

Ny trase ligg ovanfor setervegen, og eventuell drenerande effekt som det vert vist til, er for lengst etablert av relativt djup veggrøft på oversida av setervegen. Veggrøfta har med jamne mellomrom stikkrenner som vidarefører vatnet til nedsida av vegen, og myrområda er like frodige. Denne sætrevegen har eksistert i fleire hundre år, og godt vedlikehalden.

Sitat **NVE**;

* NVE mener at påvirkningen på rikmyrlokaliteten vil være akseptabel slik planen nå foreligger. (s. 15)

Positivt avbøtande tiltak som flytting av røytrase for å unngå rikmyra vert for lite vektlagt i NVEs grunngjeving.

Vi meiner og at Fylkesmannen burde trekt motsegna etter at røytraseen vart endra.

2. Angående røytrase gjennom myrområda frå Hjellesetra fram mot inntaket så skriv NVE:

Sitat **NVE**;

«Dette myrområdet er fattig og uten spesiell botanisk interesse, men dreneringseffekten vil etter NVEs vurdering bli stor.»

Det er ikkje registrert prioriterte naturtypar eller raudlisteartar i dette myrområdet. Frå søklar si side var detaljplassering av røytrase for å unngå drenerande effekt på ei tilsynelatande triviell myr, ikkje ei prioritert oppgåve i ein hektisk høyringsperiode. Den mest vesentlege delen av røytraseen vert likevel liggande på relativt tørre rabbar / høgdedrag med relativ tett vegetasjon med lyng, kratt og variert lauvskog.

Det lar seg enkelt gjere ved detaljprosjekteringa, å nytte naturlege søkk i terrenget og såleis redusere uheldig påverknad på myra.

Sitat **NVE**;

* En eventuell utbygging av Vaksvikselvas øvre del vil etter NVEs mening ikke være i konflikt med forvaltningsmålet for naturtyper og økosystemer gitt i naturmangfoldloven § 4, eller forvaltningsmålet for arter i naturmangfoldlovens § 5, så lenge røytraseen legges utenom rikmyrlokaliteten nede ved planlagt kraftstasjon. (s. 16)

Dette står i sterk kontrast til NVE som i konklusjonen skriv:

Sitat **NVE**;

"NVE mener at ulempene i liten grad kan avbøtes" (s. 17)

III: Forholdet til naturmangfoldloven.

Her skriv NVE med referanse til §10 at den samla belastning på økosystemet og naturmangfaldet er dermed blitt vurdert:

Sitat **NVE**;

** Grytavatnet kraftverk har relativt stort restfelt, og har slik sett mindre konsekvens for fisk og bunndyr. Elva har ingen fosser på den aktuelle strekningen, og konsekvensen for fossefallens hekkeplasser vil være ubetydelig. (s.16)*

** Den samlede belastningen anses ikke som så stor at den blir avgjørende for konsesjonsspørsmålet. (s.16)*

** NVE mener at naturmangfoldloven § 9 (føre-var-prinsippet) ikke skal tillegges særlig vekt. (s. 16)*

Dette samsvarar med søkjar si vurdering.

Vidare meiner søkjar at NVE i si avgjerd ikkje har vektlagt følgjande samfunnsmessige fordelar;

Sitat **NVE**;

** En eventuell utbygging av Grytavatnet kraftverk vil gi 13,5 GWh i et gjennomsnittså. Denne produksjonsmengden regnes som normal for et småkraftverk. Småkraftverk utgjør et viktig bidrag i den politiske satsingen på fornybar energi. Det omsøkte tiltaket vil gi inntekter til søker og grunneiere og generere skatteinntekter. Videre vil Grytavatnet kraftverk kunne styrke næringsgrunnlaget i området og vil dermed kunne bidra til å opprettholde lokal bosetning. (s. 17)*

Dette er ein svært viktig del av grunnlaget for at ein søker konsesjon på Grytavatnet kraftverk. Dette er grundig vurdert frå grunneigarane si side gjennom dei prosessane ein har vore gjennom ved m.a. jordskifte av felles utmark og oppretting av Grytavatnet fallrettseigarlag. Gjennom drøftingane i fleire år har såkalla "samla belastning" på vassdraget vore tema og bifalt av alle.

Samfunnsøkonomisk vil ei utbygging av tre kraftverk i elva, kunne medverke til at ein utbygger får leige fallrettane – og såleis kunne lyse ut alle tre prosjekta på eit samla utbyggingsanbod, og dermed oppnå meir rasjonell og kortare byggetid – så vel som lågare anleggskostnader totalt.

Mellom bebuarane i bygda er dette tiltaket gitt positiv tilslutning, også frå dei som ikkje er grunneigarar. Det har vore positive utsegner om at denne ressursen elva utgjør for samfunnet totalt, må kunne utnyttast på beste måte i relasjon til målsettingar om fornybar energi – samt styrking av næringsgrunnlaget og bussettinga i området.

Under oppsummering rundt temaet samla belastning skriv NVE:

Sitat **NVE**;

«I tillegg legger NVE vekt på den samlede belastningen ved tre kraftverk i samme vassdrag.»

Her er det ikkje samsvar mellom dei ulike vurderingane, og dette kan ha påverka avgjerda.

IV: Avbøtande tiltak

Generelt så skriv NVE til slutt i oppsummeringa:

Sitat *NVE*; * *NVE mener at ulempene i liten grad kan avbøtes.*

Denne påstanden meiner søkjar er direkte feil, og vi viser til følgjande tiltak som dels er innlagt i prosjektplanen, og som vart oversendt NVE før synfaring, og dels drøfta undervegs ved synfaringa.

1. Inngrep i elveskråninga ved inntaksområdet skal tilbakeførast til opphavleg landskapsform ved gjenfylling av masse som er teke ut av rørtraseen, med påfylling av topplag og vegetasjon som er bevart ved anleggsstart. Jf. s.3-4
2. Søkjar har endra røytraseen under høyringsprosessen, og går såleis utanom det aller meste av rikmyra som slik vert bevart. Jf. s. 5
3. Rørtraseen frå inntak og ned mot Hjellesæter, vil ved detaljreguleringa kunne leggast i naturlege søkk i terrenget og såleis avbøte uheldig påverknad på myr i området. Jf. s. 5
4. Bruk av Coanda-inntak reduserer inntaksområde og byggehøgde på samleikum.

Jf. Prosjektplanen v/søknad s. 51.


V: Søkjaren si oppsummering for denne anken:

- * Vi er ueinige i vurderingane når det gjeld konsekvensar for landskap, særleg driftsfasen.
- * Vi er ueinige i vurderingane som gjeld myr, verknad og avbøtande tiltak.
- * Vi er ueinige i vurderingane som gjeld friluftsliv mtp innsyn til prosjektområdet.
- * Vi er ueinige i at avbøtande tiltak er lite relevante.
- * Vi er ueinige i at kriteriane i vannressursloven § 25 ikkje er oppfylt, då vi meiner ved ovanståande merknader å kunne hevde at;

Sitat NVE: "... fordelene ved tiltaket overstiger skader og ulemper for allmenne og private interesser som blir berørt i vassdraget eller nedbørsfeltet"


Med vennleg helsing:

Interrimstyret for Grytavatnet kraftutbygging SUS

 Lovise Sollid Jacobsen  Karl Vaksvik  Arve Ørskog

og

Styret for Grytavatnet fallrettseigarlag.

 Pål Viset  Arve Ørskog  Tore Jakob Reite

leiar

kasserar

sekretær